



Ein fin mur er under arbeid i Ospelunden, men muringen er ikkje ufarleg for dei som ferdes på gang- og sykkelvegen under, 16 oppsitjarar i Kleivadalen har no sendt skriv til kommunen og bedt om svar og tiltak.

Det gjeld mellom andre skuleborna som passerer staden 2 gonger om dagen, påpeikar Tor Edward Taranger.

Fleire store steinar som har glidd utover skråningen fortel hva som kunne ha skjedd

Det gjeld ein mur av skotstein på tomt 2. Oppsitjarane har ikkje fått byggjemelding på prosjektet. Dei har reagert sterkt på sikringa av anleggsområdet, særleg mot gang- og sykkelvegen som mange unge nyttar som skuleveg. Anleggsområdet er tett opptil denne vegen og det er ingen fysisk sikring. I periodar har dei nytta ein mann som står på andre sida av vegen som vakt. Det har kome lausmassar ned under arbeidet med muren, Foreldra opplever

dagleg ungar som kjem heim og er redde for å passera området og dei er redde for at noko skal skje. Ungar vel å gå over på motsett side av vegen og det fører til trafikkfarlege situasjonar. Med det blotte auge ser muren fårleg ut og kan liggja på lausmassar. Foreldra spør om stabiliteten og reknar med at det er krav til korleis så store murar skal oppførast og korleis ein skal nytta drensøyr og dreneringsmassar.

Dei stillar også dette spørsmålet:

Har ikkje kommunen og vegvesenet retningsliner for korleis eit byggverk skal oppførast og korleis den estetiske utforming bør vera? Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto:Tor Edward Taranger



 [Tilbake](#)

